

Høring: Endringer i nærskolematrisen for innsøking til Vg1 i Agder



AGDER
fylkeskommune

Innsendt: 19.06.2026 11:29

Referanse-ID: HRS-YSG

Skjema-ID: AFK-151

Høring - nærskolematrisen - Agder

Innsender av høringen

Fornavn	Kjetil
Etternavn	Vik
Hvem svaret du for?	☒ Jeg svarer på vegne av kommune eller annen organisasjon med eget organisasjonsnummer
Organisasjonsnavn	BYKLE KOMMUNE
Organisasjonsnummer	958814968

Indre Agder

Ønsker du/ dere en endring av nærskolematrisen så elever fra Bykle og Valle kun blir en del av inntaksregionen for indre Agder, de får da Setesdal, Byremo og Vennesla videregående skoler som sine nærskoler?

☒ Nei

Har du/dere noen innspill til fordeler eller ulemper med dette forslag?

Eit av måla med nærskulematrisa er å redusere behovet for hybelbuing for elevar i vidaregåande opplæring.

For elevar frå Bykle kommune vil dette målet i liten grad kunne oppfyllest.

Fleire elevar har slekt eller vener i andre delar av fylket som dei kan bu hos. Dette kan vere avgjerande både sosialt og økonomisk. Sjølv om elevane frå Bykle har ulempa ved å måtte flytte, har kommunen 100 % gjennomføring på normert tid i vidaregåande opplæring i perioden 2018–2024, som er siste tilgjengelege tal.

Bykle kommune meiner dagens ordning med nærskulepoeng i heile fylket kan være ein viktig

medverkande faktor til dette resultatet.

Ei vidareføring av dagens ordning kan:

- jamne ut geografiske ulemper
- gje elevane større valfridom
- redusere risikoen for at bustadkommune åleine avgrensar utdanningsmoglegheitene
- sikre meir likeverdige vilkår for elevar i distrikta og elevar i meir sentrale område

Bykle kommune ser positivt på at Setesdal vidaregåande skule blir utvikla som ein robust og attraktiv skule, slik at fleire elevar i regionen ønskjer å søkje seg dit.

Kommunen meiner likevel at dette må skje gjennom styrking av kvalitet og tilbod, ikkje gjennom avgrensing av elevane sine valmoglegheiter.

- For å styrkje attraktiviteten til skulen bør følgjande tiltak vurderast:
- Tilbodsstrukturen må tilpassast lokale behov og etterspurnad, både med tanke på elevane sine utdanningsønske og behova til næringslivet i regionen.
- Ordninga med halve klassar i distrikta må vidareførast og finansierast tilstrekkeleg for å sikre breidde i tilbodet
- Eksisterande bygningsmasse bør nyttast effektivt og oppgraderast slik at skulen opplevast som moderne og attraktiv
- Elevheimen må halde god standard og vidareutviklast som eit konkurransefortrinn for skulen
Dagens standard er ikkje på nivå med det som kan forventast i den ordinære utleigemarknaden
- Kollektivtilbod og timeplanar må tilpassast elevane sine reisebehov betre. Det bør leggjast til rette for at elevar kan reise heimanfrå måndag morgon i staden for sundag ettermiddag
- Tidlegare politisk vedtekne investeringar i nye

Østre Agder

Ønsker du at inntaksregionen deles så kommunene Tvedestrand, Vegårshei, Åmli, Gjerstad og Risør får nærscolepoeng til Østre Agder vidaregående skole og Arendal og Froland kommune får nærscolepoeng til Arendal og Sam Eyde vidaregående skoler. Denne tilbakeføringen betyr også at 50- minuttsregelen forsvinner.

☒ Vet ikke

Har du noen innspill til fordeler og ulemper med dette forslag?

-

Har du andre innspill til nærscolematrisen?

Nei

Last opp dokument(er) 86b2c24c-8466-4365-a668-8d587982e69c.png (0.06 MB)